LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 06.11.2015 |
| Vår: 14/5767 - 15/33953 | anne.lise.molvik@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest avlaupsanlegg - gbnr 84/11 og 84/12 Kvalvågnes.

**Administrativt vedtak. Saknr: 492/15**

**Tiltakshavar:** Karen og Christen Hella
Nils Kvalvågnes
**Ansvarleg søkjar:** Stendal VVS AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.12.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll. Det vert elles vist til søknad motteken 03.11.2015, supplert 05.11.2015.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | |
| Bygningstiltak: | Privat felles avlaupsanlegg |
| Bygningsnummer: | |
| Bruksareal: | |
| Avlaup: | Biologisk/kjemisk reinseanlegg |
| Vatn: | |
| Tal på røykløp: | |

**VEDTAK**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for avlaupsanlegg for gbnr 84/11 og 84/12.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5767

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Anne Lise Molvik<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Karen Hella | Bønesheiane 124 | 5154 | BØNES |
| Nils Kvalvågnes | Kvalvågnesvegen 681 | 5956 | HUNDVIN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stendal VVS AS | Blombakken 1 | 5911 | ALVERSUND |